

Kulturdepartementet
Boks 8030 Dep
0030 OSLO

Vår referanse: 145-412 OG

Hovdebygda, 15. november 2012

HØYRINGSFRÅSEGN «EN KUNNSKAPSBASERT KULTURPOLITIKK»

Styret i Nynorsk kultursentrum drøfta i møte 26. september 2012 utgreiinga frå Grund-utvalet og gir med dette nokre overordna merknader.

Vi er glade for at utvalet så tydeleg framhevar verdien av kunnskapsbasert kulturpolitikk og noko av det som bør gjerast for å føre ein slik politikk. Der er mykje og god kulturpolitisk forskning som burde ha vorte brukt betre og meir systematisk. Ein kan som kjent ikkje forske seg fram til kva som er klok kulturpolitikk, men gjennom forskning kan ein sikre eit godt grunnlag for å ta kulturpolitiske avgjerder.

I hovudtrekka sluttar vi oss til vurderingane og framlegga frå utvalet. Til dette kjem nokre merknader om det vi meiner er eit uheldig og svakt punkt i utgreiinga, og nokre overordna synspunkt.

Utvalet registrerer på side 26 at *språk* er eitt av saksfelta i kulturvernavingdelinga i Kulturdepartementet, og på side 24 blir «norskspråklig medietilbud» nemnt i omtalen av mediepolitikken. Elles kjem diverre ikkje utvalet meir inn på denne sida av saka. No er ikkje dette ei utgreiing som skal gå i detalj om kvart saksfelt, men her synest vi utvalet blir for summarisk. For å kunne gjere seg opp ei meining om kva som trengst for ein kunnskapsbasert kulturpolitikk, må ein også ha ei vurdering av hovudtrekka i det som er tilgjengeleg og om det er relevant nok for kulturpolitisk handkling.

Språk er meir enn ein sektor i ei administrativ avdeling. Det er ein del av grunnlaget for eit samfunn, dermed også for kultur og for kulturpolitikk. Dette sektorovergripande trekket ved fenomenet språk stiller krav både til språkpolitikken og kunnskapsgrunnlaget for denne politikken. Språkmeldinga frå regjeringa Stoltenberg i 2008 blei av dåverande statsråd Trond Giske omtalt som den viktigaste kulturpolitiske meldinga i den stortingsperioden, og Stortinget la mykje arbeid ned i si handsaming av saka. Denne meldinga bygde på viktige delar av tilgjengeleg forskning og må seiast å vere eit døme på kunnskapsbasert kulturpolitikk.

Ein slik kulturpolitikk bør byggje på både dokumentasjon og forskning. Dokumentasjon som følgjer vitenskaplege metodar utan å oppfylle alle andre krav til forskning, kan gi påliteleg kunnskap som lett blir omsett til handling. Der forskning manglar, kan det finnast mykje dokumentasjon. Kunsten i kulturpolitikken som i andre delar av politikken er ofte å vite når ein meiner ein veit nok.

Det er ein god idé å skipe eit forskingssenter for kultursektorforskning. Språk er ikkje det einaste sektorovergripande emnet i kulturpolitikken, men for oss illustrerer dette nokre av dei spørsmåla som må handterast av eit slikt senter. Også andre departement som arbeider med saker

der kulturpolitiske perspektiv kjem inn, må dra vekslar på den kunnskapen som finst og den innsikta som blir forvalta i ulike miljø, i og utanfor eit slikt forskingssenter. Å vite kven som veit blir truleg ei viktig oppgåve for senteret, som difor også bør vere sektorivergripande. Eit slikt senter kan vere eitt av fleire tiltak for å gjere kulturforskinga mindre avhengig av aktørane enn tilfellet har vore i ein del høve. I det sektorovergripande ligg også eit behov for å stimulere til generalistens perspektiv på solid kunnskapsgrunnlag.

Utgreiinga inneheld inga kartlegging av forskning og dokumentasjon som blir utført ved ulike kulturinstitusjonar. Stortinget har i mange år føresett at til dømes museum skal arbeide ut frå kunnskap i form av forskning og dokumentasjon. Dette gjer då også musea jamt meir av. Når utvalet så tydeleg peikar på at Kulturdepartementet i altfor liten grad byggjer delar av kulturpolitikken på tilgjengeleg kulturforsking, kunne gjerne utvalet ha peikt på kva som særkjenner det kulturinstitusjonane sjølve har å tilby av slik kunnskap.

Nynorsk kultursentrum har sidan 2000 gjort mykje for å etablere eit eige kunnskapsgrunnlag for verksemda vår, mellom anna fordi mykje av nyare språkforsking har hatt for svak politisk relevans. Vi ønskjer difor velkomen meir oppdragsforskning i det store språkfeltet.

Grund-utvalet har drøfta den statlege delen av ein kunnskapsbasert kulturpolitikk. Med tanke på at om lag halvparten av alle offentlege midlar til kulturføremål blir forvalta av fylke og kommunar, trur vi at dei spørsmåla Grund-utvalet har drøfta, diverre er endå meir aktuelle for nettopp desse aktørane. Korleis det kan følgjast opp, er truleg ei sak for Stortinget.

Med venleg helsing

Nynorsk kultursentrum

Reidar Sandal (s)
styreleiar

Ottar Grepstad
direktør